

**Notat**Dato: 04.04.2016  
Arkivsak: 2014/24671-10  
Saksbehandlar: gunradd

---

**Til:** Liv Sundheim  

---

**Frå:** Gunhild Raddum  

---

**Ber om innspel til høring av reguleringsplan for smelteverkstomta**

Samferdselsavdelinga er positiv til målsettinga om å gjøre smelteverkstomta til eit urbant og tilgjengeleg område der det skal vere enkelt å ferdast for mjuke trafikantar. I den samanheng er tankane som kjem fram i notatet kring konsept for sykkelveggar i Odda viktig å ha med seg i den vidare utviklinga av både smelteverkstomta og Odda som by. Planlegginga av Odda smelteverk gjer det mogleg for kommunen å legge til rette for eit overordna sykkelvegssystem. Ekspress-sykkelveger som bind saman bustadområder og arbeidsplasser er ein løysning som vil gjere sykkelen til eit reelt alternativ til bruk av bil.

Kollektivhaldeplassen er gitt ein lokal plassering i tråd med dei innspela som Skyss har spelt inn tidlegare. Vi minner om at den nye terminalen bør utrustast med venterom/toalett. Vidare gjør flytting av terminalen til ny plassering det aktuelt å vurdere ny sentrumsstopp for å betjene linjene 990 (Voss/Eidfjord), 994 (Freim/Ragde) og 995 (Tyssedal). Vår anbefaling er at desse vert plasserte langs RV13-Røldalsvegen (sjå bilete under). Dagens stoppar ved Rv13-Odda Rådhus kan vurderast fjerna.

